

## KOMMISJONSVEDTAK

2009/EØS/63/12

av 2. august 2005

**om godkjenning av systemet for identifikasjon og registrering av sauer i Irland i samsvar med artikkel 4 nr. 2 bokstav d) i rådsforordning (EF) nr. 21/2004(\*)***[meldt under nummeret K(2005) 2911]***(Berre den engelske teksta er gyldig)**

(2005/597/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
felleskapet,med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 21/2004  
av 17. desember 2003 om opprettelse av et system for  
identifikasjon og registrering av sauer og geiter og om endring  
av forordning (EF) nr. 1782/2003 og direktiv 92/102/EØF og  
64/432/EØF<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 4 nr. 2 bokstav d), og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Den rette styresmakta i Irland har sendt over ein søknad, saman med høveleg dokumentasjon, om godkjenning av det systemet for identifikasjon og registrering av sauer som er gjennomført i den nemnde medlemsstaten.
- 2) Etter at Kommisjonen har gjennomført ein veterinærkontroll i Irland har sakkunnige frå Kommisjonen slått fast at systemet for identifikasjon og registrering av sauer kan setjast i full drift på det vilkåret at visse vilkår vert stetta.
- 3) Irland har gjort alle dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at forordning (EF) nr. 21/2004 vert etterlevd med verknad frå 9. juli 2005.
- 4) Den rette styresmakta bør gjennomføre eigna kontrollar for å sikre ei korrekt gjennomføring av systemet for identifikasjon og registrering av sauer.
- 5) Systemet for identifikasjon og registrering av sauer i Irland bør difor godkjennast, slik at det kan kome i staden

for det andre identifikasjonsmerket for sauer, bortsett frå  
i tilfelle som gjeld handel med dyr innanfor Fellesskapet.

- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Det er godkjent at det systemet for identifikasjon og registrering av sauer som er fastsett i artikkel 4 nr. 2 bokstav c) i forordning (EF) nr. 21/2004, og som er gjennomført av Irland, er i full drift frå 9. juli 2005.

*Artikkel 2*

Utan at det rører ved dei føresegnene som skal fastsetjast i samsvar med artikkel 10 nr. 1 bokstav a) i forordning (EF) nr. 21/2004, skal den rette styresmakta kvart år utføre eigna kontrollar på staden for å kontrollere at dyrehaldarane stettar krava til identifikasjon og registrering av sauer.

*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til Irland.

Utfërda i Brussel, 2. august 2005.

*For Kommisjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 204 av 5.8.2005, s. 21, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 101/2006 av 22. september 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 60, 30.11.2006, s. 6.

(<sup>1</sup>) TEU L 5 av 9.1.2004, s. 8.